

**Dønhaugkjedlaren har ope to kveldar no i romjula. I kveld (2. juledag) er det open pub-kveld utan noko spesielt musikalsk innslag, men fredag kjem ein dyktig Bergens-duo som kallar seg Millpound Moon og som består av Rune Hauge og Kjersti Misje.**

Dei siste fire åra har dei budd på Tysnes, der dei også har innreidd lydstudio. Med det aller fyrste kjem dei med eitt nytt album som truleg kjem til å heita "Broke in Brooklyn".

Namnet er karakteristisk, for paret har fleire gongar vitja USA med musikken sin. Dei var der så seint som i midten av denne månaden og spelte på The Bitter End i legendariske Bleecker Street, Og i dei siste seks åra har dei turnert rundt heile det svære landet.

Tidlegare i haust kom dei attende frå sin femte Englandsturne der dei spelte på nokre av Englands mest profilerte klubbar innan akustisk musikk.

Rune blir rekna som som ein av våre beste artistar innan sin sjanger. I dei siste 20 åra har han markert seg skikkeleg innan folkmusic og bluegrass og kom med kritikarroste album i 1995 ("The one you need") og 1999 ("Taxi").

Kirsti har i dei siste 11 åra turnert rundt i heile landet og starta samarbeidet med Rune i 1997. Dei har begge optrådt på 'Den stundesløse'.

Ho er sterkt delaktig i "Taxi" og blir karakterisert som ein svært habil gitarist og låtskrivar.

Av Ola Matti Mathisen